



Radøy Skyttarlag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/885 - 15/5206

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

06.05.2015

Byggesak Gbnr 38/73 Helland, 98/89 Mellingen - skytebane - mellombels bruksløyve - omgjerung av vedtak

Delegasjonssak nr.: 121/2015

Administrativt vedtak. Saknr: 121/2015

Tiltakshavar:

Radøy Skyttarlag

Ansvarleg søkjar:

Ingeniør Taule AS

Søknadstype:

Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10 – omgjerung av vedtak

Radøy kommune utsteda den 10.04.15 mellombels bruksløyve for del av tiltaket, identifisert som tilkomstveg, interne vegar, stands plass, skivearrangement og parkeringsplass for gbnr. 38/73 og gbnr. 98/88,89 i Radøy kommune. Mellombels bruksløyve gjeld for perioden 10.04.15 – 01.08.15.

Det ligg føre søknad om mellombels bruksløyve av 10.04.15, supplert 14.04.15. Ansvarleg søker har i møte med rådmannen i Radøy kommune 29.04.15 opplyst at tiltaket ikkje er klart for mellombels bruksløyve.

VURDERING

Det ligg ikkje føre dokument som gjev grunnlag for mellombels bruksløyve og ansvarleg søker har stadfesta munnleg ovanfor kommunen at tiltaket ikkje er klart for mellombels bruksløyve. Det ligg per d.d ikkje føre ferdiggodkjenning av avkjørsle frå Statens vegvesen. Det er bygningsstyresmakta sin vurdering at mellombels bruksløyve av 10.04.15 er utstedt på feil grunnlag og må trekkjast tilbake.

Det ligg etter dette ikkje føre bruksløyve for tiltaket og ingen del av området må takast i bruk før det er søkt om og gjeve bruksløyve/ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10.

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 35 c, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert vedtak om mellombels bruksløyve av 10.04.2015 for del av tiltak på gbnr. 38/73 og gbnr. 98/88,89 i Radøy kommune gjort om og mellombels bruksløyve vert trekt tilbake.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/885.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy Skytterlag